# HAREID KOMMUNE

## Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Levekårsutvalet |
| **Møtestad:** | Kommunestyresalen |
| **Dato:** | 03.06.2026 |
| **Tid:** | klokka 15.00 – 17:15 |

| Desse møtte | Representerer | Funksjon |
|---|---|---|
| Einar Jarle Måseide | FOHA | leiar |
| Linn Wingsternes | FOHA | medlem |
| Endre Hammervold | FRP | medlem |

| Forfall | Representerer | Varamedlem | Representerer |
|---|---|---|---|
| Sivert Nipen Tretnes | AP | Wenche J. H. Jøsok | H |
| Kristine Utgård Rolfsrud | FOHA | | |
| Vanja Myrvang | H | Roger Elvebu | |
| Tom-Steven Klokk Eide | INP | | |

**Møtenotater:**
**Frå administrasjonen møtte:**
Ottar Røyset, kommunesjef sektor for velferd
Helge Hamre, kommunesjef sektor for læring og kultur
Lena Kolomainen Brandal, konsulent servicetorget og politisk sekretariat/møtesekretær

Møte slutt: 17:15

# Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Arkivsaksnr. |
|---|---|---|
| PS 24/26 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 26/846 |
| PS 25/26 | Godkjenning av protokoll | 26/846 |
| PS 26/26 | Orienteringar og spørsmål | 26/846 |
| PS 27/26 | Referatsaker | 26/846 |
| PS 28/26 | Delegerte saker | 26/846 |
| PS 29/26 | Barnehagerute for 2026/2027 for kommunale barnehagar i Hareid | 25/231 |
| PS 30/26 | Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane | 26/786 |
| PS 31/26 | Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029 | 25/1285 |
| PS 32/26 | Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring | 26/234 |
| PS 33/26 | Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar | 24/783 |

Hareid, 04.06.2026

Einar Jarle Måseide

## PS 24/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:**
Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

**Behandling:**

Tom Steven Klokk Eide (INP) og Kristin U. Rolfsrud (FOHA) meldte forfall, ingen vara kunne møte for dei.

Fem voterande.

Samrøystes.

## PS 25/26 Godkjenning av protokoll

**Vedtak:**
Protokollen frå førre møte, 06.05.2026, vart godkjend utan merknad.

**Behandling:**

Samrøystes

## PS 26/26 Orienteringar og spørsmål

**Underliggande sak:**

| Saksnr. | Tittel |
| --- | --- |
| 03/26 | Orientering frå sektor for læring og kultur |
| 04/26 | Orientering frå sektor for velferd |

**Vedtak:**
Orienteringar vart tekne til vitende.

**Behandling:**

Helge Hamre, kommunesjef for læring og kultur, orienterte om situasjonen, økonomien, planar og arbeidet i sektoren. Han svarte også på spørsmål.

Ottar Røyset, kommunesjef velferd, orienterte om den historiske utviklinga i sektor for velferd.

Samrøystes.

## PS 29/26 Barnehagerute for 2026/2027 for kommunale barnehagar i Hareid

### Vedtak:
Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.
Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

### Behandling:

Samrøystes.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Barnehageruta for 2026/27 blir vedteke slik ho ligg føre.
Administrasjonen får mynde til å gjere mindre justeringar dersom det skulle oppstå behov.

## PS 30/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

### Vedtak:
1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :
**Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.**
2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

### Behandling:

Ottar Røyset, kommunesjef velferd, gav ei kort orientering.

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Samrøystes.

**Kommunedirektøren si tilråding:**

1. Hareid kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

**Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.**

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

## PS 31/26 Nasjonaljubileet 2030 - Jubileumsstafett - Valldal 2029

### Vedtak:
Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

### Behandling:

Samrøystes.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Hareid kommune anerkjenner Jubileumsplattform 2030, og arbeidar vidare med deltaking i markeringa av Nasjonaljubileet gjennom samarbeid med Valldal 2029. Samt vidare arbeid med mål om å inngå samarbeidsavtale med Museene Arven, og søke midlar til gjennomføring av aktivitetar og arrangement.

## PS 32/26 Samanslåing av eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting (RFU) – slutthandsaming etter høyring

### Vedtak:
Levekårsutvalet innstiller på alternativ C – To separate råd

1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll.

### Behandling:

Wenche Johanne Jøsok (H) fekk permisjon frå 16:35.

Fire voterande.

Lena Kolomainen Brandal, konsulent ved politisk sekretariat, gav nye opplsyningar i saka. Eldrerådet ønskjer alternativ B - eit fellesråd som ei prøveordning og at det blir evaluert fram mot neste kommune val. RFU ønskjer alternativ D – separate råd med felles møte.

Einar Jarle Måseide (FOHA) la fram følgjande forslag:
"Alternativ C – To separate råd
1. Kommunestyret vedtek å vidareføre eldrerådet og rådet for personar med nedsett funksjonsevne som to separate råd.
2. Bortfall av innsparing på 32 000 kroner i budsjett 2026 blir dekt innanfor ramma til politisk styring og kontroll."

Endre Hammervold (FRP) fremja følgjande forslag:
"Alternativ B – Felles råd (prøveordning)
1. Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne som prøveordning ut inneverande valperiode.
2. Ordninga skal evaluerast og leggjast fram for kommunestyret før neste konstituering.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement."

**Røysting**
Fyrst vart det røysta over kommunedirektøren si innstilling. Den fekk 0 røyster, forslaget fall.

Så vart det røysta alternativt over Einar Jarle Måseide (FOHA) sitt forslag og forslaget til Endre Hammervold (FRP).
Einar Jarle Måseide (FOHA) sitt forslag, Alternativ C – To separate råd, fekk 2 røyster for, Einar Jarle Måseide (FOHA) og Roger Elvebu (H) og to røyster mot Linn Wingsternes (FOHA) og Endre Hammervold (FRP). Møteleiaren nytta dobbelrøyst jf. kommuneloven § 11-9 og forslaget vert vedteken med 3 mot 2 røyster.

**Kommunedirektøren si tilråding:**
1. Kommunestyret vedtek å opprette eitt felles råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide forslag til reglement som sikrar balansert samansetjing og tydeleg mandat.

## PS 33/26 Omsorgsbustadar ROP - Val av tomt for plassering av bustadar

### Vedtak:
Levekårsutvalet innstiller på at kommunestyret vedtek å prioritere tomt 2 og 11 for plassering av dei 3 ROP-bustadane.

### Behandling:

Fellesforslag fremja av Einar Jarle Måseide (FOHA): "Kommunestyret vedtek å prioritere tomt 2 og 11 for plassering av dei 3 ROP-bustadane."

Samrøystes

**Kommunedirektøren si tilråding:**
Saka vert lagt fram utan tilråding.